

# KRLE

## Skuletrinn: 9. trinn

**Skuleår: 2026/2027**

**Læremiddel: 9 store spørsmål**

### Munnlege ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter i KRLE inneber å kunne lytte til, fortelje om, presentere og samtale om faglege emne, og å kunne argumentere for eigne synspunkt og ta ulike perspektiv. Munnlege ferdigheiter inneber òg å bruke fagspesifikke omgrep til å utforske, drøfte og reflektere over kunnskapsområda i faget. Munnlege ferdigheiter inneber dessutan å kunne uttrykkje ulike meiningar og argumentere for desse ved hjelp av filosofiske samtaleformer og filosofisk samhandling og refleksjon. Utviklinga av munnlege ferdigheiter går frå å kunne samtale om eit emne til å kunne presentere og drøfte komplekse faglege problemstillingar. Dette inneber i aukande grad å kunne bruke fagomgrep til å uttrykkje og vurdere eiga forståing. Munnlege ferdigheiter inneber òg å gradvis utvikle evna til å lytte til andre.

### Å kunne skrive

Å kunne skrive i KRLE inneber å kunne bruke skrift- og biletspråk til å kommunisere og til å utvikle kunnskap om religionar, livssyn og etikk. Ferdigheita omfattar òg å kunne utforske ulike syn og argumentere for og mot ulike standpunkt. Det omfattar òg å kunne bruke fagspesifikke omgrep i skriftleg arbeid og å kunne vurdere eiga læring i arbeid med faglege tekstar. Utviklinga av det å kunne skrive i faget går frå å kunne fortelje og beskrive til å kunne utforske faglege problemstillingar. Dette inneber at elevane i skriftlege arbeid gradvis tek i bruk fagspesifikke omgrep og ulike kjelder for å utvikle kompetanse til å vurdere eiga læring i arbeid med faglege tekstar.

### Å kunne lese

Å kunne lese i KRLE inneber å oppleve og forstå ulike religiøse og filosofiske tekstar. Det omfattar òg å reflektere over og tolke tekstar, illustrasjonar, symbol og andre uttrykk. Vidare inneber det å samanlikne og systematisere informasjon og vurdere kjelder kritisk. Utviklinga av det å kunne lese i

KRLE går frå å kunne forstå innhaldet i enkle tekstar til å kunne analysere og vurdere form og innhald i komplekse tekstar. Dette inneber i aukande grad å forstå fagomgrep og å kunne finne, bruke og vurdere ulike kjelder til informasjon.

## Å kunne rekne

Å kunne rekne i KRLE inneber å kunne bruke og forstå tidslinjer i møte med framstillingar av religionar og livssyn. Det inneber òg å forstå korleis statistikk og tabellar kan brukast. Utviklinga av det å kunne rekne i faget inneber i aukande grad å kunne forstå og reflektere over statistisk materiale og tabellar.

## Digitale ferdigheiter

Digitale ferdigheiter i KRLE inneber å kunne bruke digitale ressursar i eige skapande arbeid. Det omfattar òg å kunne innhente informasjon om religionar og livssyn frå digitale kjelder og tolke og kritisk vurdere informasjonen. Utviklinga av digitale ferdigheiter i faget går frå å bruke enkle samansetningar av tekst, lyd og bilete til å kunne lage og vurdere samansette digitale produkt for framstilling av faglege tema. Digital dømmekraft blir utvikla gradvis gjennom aukande grad av etisk refleksjon over korleis digitale ressursar blir brukte.

**Tema:** 1. *Buddhismen*

**Periode:** veke 34-40

**Læringsmål:**

- Eg kan fortelje om korleis buddhismen oppstod og kven Buddha var.
- Eg kan forklare sentrale idear i buddhismen, som dei fire edle sanningane og den åttedelte vegen.
- Eg kan samanlikne buddhismen med andre religionar når det gjeld tru, ritual og etikk.
- Eg kan gjere greie for korleis buddhismen vert praktisert i ulike delar av verda i dag.
- Eg kan reflektere over kva buddhismen kan seie om livsspørsmål som liding, lykke og meining.

**Kvifor skal elevane lære dette:**

Elevane skal lære om buddhismen for å få innsikt i ein av verdas største religionar, og for å forstå korleis menneske tenkjer om liding, lykke og meining i livet. Kunnskap om buddhismen gir respekt for andre kulturar og livssyn, og hjelper elevane til å reflektere over eigne verdiar og spørsmål i livet.

| Kompetansemål                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      | Kjerneelement                                                                                                                                                                                                  | Tverrfaglege tema                                                                                                   | Korleis skal vi lære dette?                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     | Undervegsvurdering                                                                                                    |
|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <ul style="list-style-type: none"> <li>utforske og presentere sentrale trekk ved kristendom og andre religionar og livssynstradisjonar, og deira utbreiing i dag.</li> <li>utforske og drøfte korleis kristendom og andre religionar inngår i historiske endringsprosessar både globalt og nasjonalt.</li> <li>bruke og drøfte fagomgrep om religionar og livssyn.</li> <li>samanlikne og vurdere kritisk ulike kjelder til kunnskap om religionar og livssyn.</li> <li>utforske og samanlikne etiske idéar frå sentrale skikkelsar i religiøse og livssynsbaserte tradisjonar.</li> <li>reflektere over eksistensielle spørsmål knytt til det å vekse opp og leve i eit mangfaldig og globalt samfunn.</li> </ul> | <ul style="list-style-type: none"> <li>Kjennskap til religionar og livssyn.</li> <li>Utforsking av religionar og livssyn med ulike metodar.</li> <li>Utforsking av eksistensielle spørsmål og svar.</li> </ul> | <ul style="list-style-type: none"> <li>Folkehelse og livsmeistring.</li> <li>Demokrati og medborgarskap.</li> </ul> | <ul style="list-style-type: none"> <li><b>Lesing og samtale:</b> Bruke lærebok, fagartiklar og filmar til å få kunnskap om Buddha, buddhistisk tru og praksis.</li> <li><b>Diskusjon og refleksjon:</b> Snakke saman i grupper og i klassen om kva buddhismen seier om liding, lykke og meining, og setje det i samanheng med eigne erfaringar.</li> <li><b>Bruk av fagomgrep:</b> Øve på å forklare og bruke sentrale buddhistiske omgrep, til dømes samsara, nirvana og karma.</li> <li><b>Kjeldearbeid:</b> Samanlikne ulike kjelder (tekst, bilete, nettressursar) og drøfte kva vi kan lære av dei.</li> <li><b>Kreative oppgåver:</b> Lage tankekart, plakatar, rollespel eller korte presentasjonar som viser kva dei har lært.</li> <li><b>Samanlikning:</b> Sjå på likskapar og skilnader mellom buddhismen og andre religionar og livssyn.</li> <li><b>Eksistensielle spørsmål:</b> Reflektere over kva buddhismen kan bety for menneske i dag, og knyte det til eige liv.</li> </ul> | <ul style="list-style-type: none"> <li>Skriftleg prøve, fagsamtale, klasseroms-samtale</li> </ul>                     |
|                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                    |                                                                                                                                                                                                                |                                                                                                                     |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 | Materiell<br><br>9 Store spørsmål, Aunivers<br><br>Emne: <ul style="list-style-type: none"> <li>Buddhismen</li> </ul> |

**Tema:** 2. Jesus og evangelia

**Periode:** veke 42-48

## Læringsmål:

- Eg kan gjere greie for kven Jesus var og kva som er hovudbodskapen i evangelia.
- Eg kan forklare forskjellar og likskapar mellom dei fire evangelia.
- Eg kan reflektere over kva Jesus sin bodskap kan bety for menneske i dag.
- Eg kan samanlikne Jesus med sentrale skikkelsar frå andre religionar og livssyn.

## Kvifor skal elevane lære dette:

For å forstå grunnlaget for kristendommen, som har forma mykje av kultur, historie og verdier i Noreg og verda, er det viktig å få kunnskap om tekstar som blir brukte både i gudstenester, kunst, litteratur og samfunnsdebatt. Slik kan ein òg reflektere over bodskap om etikk, rettferd og nestekjærlig.

| Kompetansemål                                                                                                                 | Kjerneelement | Tverrfaglege tema | Korleis skal vi lære dette? | Undervegsvurdering                                                 |
|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------|-------------------|-----------------------------|--------------------------------------------------------------------|
| <ul style="list-style-type: none"><li>• utforske og presentere sentrale trekk ved kristendom og andre religionar og</li></ul> |               |                   |                             | <ul style="list-style-type: none"><li>• Skriftleg prøve,</li></ul> |

|                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      |                                                                                                                                                                                                                |                                                                                                                     |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 |                                                                                                                     |
|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <p>livssynstradisjonar, og deira utbreiing i dag.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>utforske og drøfte korleis kristendom og andre religionar inngår i historiske endringsprosessar både globalt og nasjonalt.</li> <li>bruke og drøfte fagomgrep om religionar og livssyn.</li> <li>samanlikne og vurdere kritisk ulike kjelder til kunnskap om religionar og livssyn.</li> <li>utforske og samanlikne etiske idéar frå sentrale skikkelsar i religiøse og livssynsbaserte tradisjonar.</li> <li>reflektere over eksistensielle spørsmål knytt til det å vekse opp og leve i eit mangfaldig og globalt samfunn.</li> </ul> | <ul style="list-style-type: none"> <li>Kjennskap til religionar og livssyn.</li> <li>Utforsking av religionar og livssyn med ulike metodar.</li> <li>Utforsking av eksistensielle spørsmål og svar.</li> </ul> | <ul style="list-style-type: none"> <li>Folkehelse og livsmeistring.</li> <li>Demokrati og medborgarskap.</li> </ul> | <ul style="list-style-type: none"> <li><b>Lesing:</b> Studere utvalde tekstar frå evangelia.</li> <li><b>Samanlikning:</b> Sjå på forskjellar og likskapar mellom evangelia (t.d. bergpreika hos Matteus og Lukas).</li> <li><b>Kjeldearbeid:</b> Diskutere korleis evangelia er blitt til, og kva slags kjelder dei er.</li> <li><b>Diskusjon og refleksjon:</b> Snakke om kva Jesu bodskap om til dømes tilgjeving og nestekjærleik kan bety i dag.</li> <li><b>Kunst og kultur:</b> Utforske korleis Jesus og evangelia kjem til uttrykk i kunst, musikk og litteratur.</li> <li><b>Kreative oppgåver:</b> Lage rollespel, tankekart, framføringar eller digitale presentasjonar.</li> </ul> | <p>fagsamtale, klasseroms-samtale, presentasjonar.</p>                                                              |
|                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      |                                                                                                                                                                                                                |                                                                                                                     |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 | Materiell                                                                                                           |
|                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      |                                                                                                                                                                                                                |                                                                                                                     |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 | <p>9 Store spørsmål, Aunivers</p> <p>Emne:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Jesus og evangelia</li> </ul> |

**Tema:** 3. Kristendommen

**Periode:** veke 49-8

## Læringsmål:

- Eg kan forklare sentrale trekk ved kristendommen som religion og livstolkingssystem.

- Eg kan gjere greie for korleis kristendommen har påverka norsk og europeisk historie og kultur.
- Eg kan beskrive ulike kristne praksisar og tradisjonar i dag.
- Eg kan reflektere over kva kristendommen kan bety for menneske i vår tid.
- Eg kan samanlikne kristendommen med andre religionar og livssyn.

### Kvifor skal elevane lære dette:

Målet er å forstå religionen som har hatt størst innverknad på norsk historie, kultur og verdiar, og å sjå korleis kristendommen har forma kunst, språk, moral og samfunnsstruktur. Samtidig skal ein utvikle respekt og forståing for kristne tradisjonar i Noreg og verda i dag, og kunne samanlikne kristendommen med andre religionar og drøfte likskapar og forskjellar.

| Kompetansemål                                                                                                                                                                                                                                                           | Kjerneelement                                                                                                                           | Tverrfaglege tema                                                                                                       | Korleis skal vi lære dette?                                                                                                                                                                                                                            | Undervegsvurdering                                                                                                   |
|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <ul style="list-style-type: none"> <li>• utforske og presentere sentrale trekk ved kristendom og andre religionar og livssynstradisjonar, og deira utbreiing i dag.</li> <li>• utforske og drøfte korleis kristendom og andre religionar inngår i historiske</li> </ul> | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kjennskap til religionar og livssyn.</li> <li>• Utforsking av religionar og livssyn</li> </ul> | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Folkehelse og livsmeistring.</li> <li>• Demokrati og medborgarskap.</li> </ul> | <ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Lesing og fagtekstar:</b> Bruke lærebok og andre tekstar om kristendommen, både historisk og i dag.</li> <li>• <b>Historisk perspektiv:</b> Sjå på korleis kristendommen har påverka samfunn og</li> </ul> | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Skriftleg prøve, fagsamtale, klasseroms-samtale, presentasjonar.</li> </ul> |

|                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                        |                                                                                                                              |  |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          |                                                                                                                                          |
|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <p>endringsprosesser både globalt og nasjonalt.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• bruke og drøfte fagomgrep om religionar og livssyn.</li> <li>• samanlikne og vurdere kritisk ulike kjelder til kunnskap om religionar og livssyn.</li> <li>• utforske og samanlikne etiske idéar frå sentrale skikkelsar i religiøse og livssynsbaserte tradisjonar.</li> <li>• reflektere over eksistensielle spørsmål knytt til det å vekse opp og leve i eit mangfaldig og globalt samfunn.</li> </ul> | <p>med ulike metodar.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Utforsking av eksistensielle spørsmål og svar.</li> </ul> |  | <p>kultur i Noreg (t.d. kristninga, lovverk, kunst og musikk).</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Utforsking av praksis:</b> Sjå på kristne ritual, høgtider og symbol.</li> <li>• <b>Kjeldearbeid:</b> Drøfte korleis vi kan vite noko om kristendommen si rolle i historiske prosessar.</li> <li>• <b>Samtale og refleksjon:</b> Diskutere kva kristendommen kan bety for menneske i vår tid.</li> <li>• <b>Kreative oppgåver:</b> Lage tidslinjer, presentasjonar, rollespel eller prosjektarbeid som viser kristendommen si rolle før og no.</li> </ul> | <p><b>Materiell</b></p> <p>9 Store spørsmål, Aunivers</p> <p>Emne:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kristendommen</li> </ul> |
|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|

**Tema:** 4. Islam

**Periode:** veke 10-15

## Læringsmål:

- Eg kan gjere greie for korleis islam oppstod og kven profeten Muhammed var.
- Eg kan forklare sentrale idear i islam, som dei fem søylene og tru på Allah.
- Eg kan beskrive korleis islam vert praktisert i ulike delar av verda i dag.
- Eg kan samanlikne islam med andre religionar og livssyn når det gjeld tru, ritual og etikk.
- Eg kan reflektere over korleis muslimsk tru og praksis påverkar menneske sitt liv.



## Kvifor skal elevane lære dette:

Målet er å forstå ein av verdas største religionar og korleis han påverkar kulturar, samfunn og livssyn, og å utvikle respekt og forståing for menneske med annan tru enn eigen. Samtidig skal ein kunne samanlikne islam med andre religionar og sjå likskapar og skilnader, og reflektere over etiske og eksistensielle spørsmål i religion og kvardagsliv.

| Kompetansemål                                                                                                                                                                                                                                                                                                 | Kjerneelement                                                                                                                                       | Tverrfaglege tema                                                                                                | Korleis skal vi lære dette?                                                                                                                                                                                                                                                                                              | Undervegsvurdering                                                                                               |
|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <ul style="list-style-type: none"><li>utforske og presentere sentrale trekk ved kristendom og andre religionar og livssynstradisjonar, og deira utbreiing i dag.</li><li>utforske og drøfte korleis kristendom og andre religionar inngår i historiske endringsprosessar både globalt og nasjonalt.</li></ul> | <ul style="list-style-type: none"><li>Kjennskap til religionar og livssyn.</li><li>Utforsking av religionar og livssyn med ulike metodar.</li></ul> | <ul style="list-style-type: none"><li>Folkehelse og livsmeistring.</li><li>Demokrati og medborgarskap.</li></ul> | <ul style="list-style-type: none"><li><b>Lesing og film:</b> Studere tekstar og videoar om islam, Muhammed og Koranen.</li><li><b>Diskusjon og refleksjon:</b> Snakke om kva islam seier om etikk, rettferd og daglegliv.</li><li><b>Kjeldearbeid:</b> Samanlikne ulike kjelder om islam og diskutere truverd.</li></ul> | <ul style="list-style-type: none"><li>Skriftleg prøve, fagsamtale, klasseroms-samtale, presentasjonar.</li></ul> |
|                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |                                                                                                                                                     |                                                                                                                  |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          | Materiell                                                                                                        |

|                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                    |                                                                                                    |  |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   |                                                                                                          |
|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------|--|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <ul style="list-style-type: none"> <li>• bruke og drøfte fagomgrep om religionar og livssyn.</li> <li>• samanlikne og vurdere kritisk ulike kjelder til kunnskap om religionar og livssyn.</li> <li>• utforske og samanlikne etiske idéar frå sentrale skikkelsar i religiøse og livssynsbaserte tradisjonar.</li> <li>• reflektere over eksistensielle spørsmål knytt til det å vekse opp og leve i eit mangfaldig og globalt samfunn.</li> </ul> | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Utforsking av eksistensielle spørsmål og svar.</li> </ul> |  | <ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Praktisk utforsking:</b> Lære om religiøse praksisar som bønn, høgtider og faste (Ramadan).</li> <li>• <b>Samanlikning:</b> Sjå på likskapar og skilnader mellom islam og andre religionar.</li> <li>• <b>Kreative oppgåver:</b> Lage tankekart, plakatar, rollespel eller presentasjonar.</li> </ul> | <p>9 Store spørsmål, Aunivers</p> <p>Emne:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Islam</li> </ul> |
|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------|--|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------|

**Tema:** 5. Filosofi

**Periode:** veke 16-21

## Læringsmål:

- Eg kan forklare kva filosofi er og kjenne til nokre sentrale filosofiske retningar og tankesett.
- Eg kan gjere greie for sentrale idear frå viktige filosofar og livssynstenkjarar.
- Eg kan reflektere over eksistensielle og etiske spørsmål knytt til livet, døden, rett og galt og menneskeverd.
- Eg kan drøfte eigne og andre sine synspunkt på filosofiske problemstillingar.
- Eg kan samanlikne filosofiske idear med religionar og livssyn.

## Kvifor skal elevane lære dette:

Målet er å utvikle evna til kritisk tenking og refleksjon over livsspørsmål, og å forstå korleis menneske gjennom historia har søkt svar på spørsmål om meining, rett og galt og menneskeleg eksistens. Samtidig skal ein kunne samanlikne filosofi med religionar og livssyn og sjå likskapar og skilnader, samt styrke evna til å uttrykke og diskutere eigne tankar og argument.

| Kompetansemål                                                                                                                                                                                                                                                           | Kjerneelement                                                                                                                          | Tverrfaglege tema                                                                                                                               | Korleis skal vi lære dette?                                                                                                                                                                                                                                                                                                           | Undervegsvurdering                                                                                               |
|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <ul style="list-style-type: none"><li>utforske og samanlikne etiske idear frå sentrale skikkelsar i filosofihistoria og bruke ideane til å drøfte aktuelle etiske spørsmål.</li><li>utforske andre sine perspektiv og handtere ueinigheit og meiningsbryting.</li></ul> | <ul style="list-style-type: none"><li>Utforsking av eksistensielle spørsmål og svar.</li><li>Kunne ta andre sine perspektiv.</li></ul> | <ul style="list-style-type: none"><li>Folkehelse og livsmeistring.</li><li>Demokrati og medborgarskap.</li><li>Berekraftig utvikling.</li></ul> | <ul style="list-style-type: none"><li><b>Lesing og presentasjonar:</b> Studere tekstar om filosofar og filosofiske idear.</li><li><b>Diskusjon og refleksjon:</b> Drøfte eksistensielle og etiske spørsmål i grupper og i klassen.</li><li><b>Kreative oppgåver:</b> Lage tankekart, skrivestykke, rollespel eller digitale</li></ul> | <ul style="list-style-type: none"><li>Skriftleg prøve, fagsamtale, klasseroms-samtale, presentasjonar.</li></ul> |
|                                                                                                                                                                                                                                                                         |                                                                                                                                        |                                                                                                                                                 |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       | Materiell                                                                                                        |

|                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         |                                                                       |  |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     |                                                                                                             |
|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------|--|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <ul style="list-style-type: none"> <li>• reflektere over eksistensielle spørsmål knytt til det å vekse opp og leve i eit mangfaldig og globalt samfunn.</li> <li>• bruke og drøfte fagomgrep om religionar og livssyn (og filosofi).</li> <li>• samanlikne og vurdere kritisk ulike kjelder til kunnskap om religionar, livssyn og filosofi.</li> </ul> | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Etisk refleksjon.</li> </ul> |  | <p>presentasjonar om filosofiske problemstillingar.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Samanlikning:</b> Sjå på likskapar og skilnader mellom filosofi, religion og livssyn.</li> <li>• <b>Kritisk tenking:</b> Vurdere ulike synspunkt og argument, og lære å handtere ueinigheit på ein respektfull måte.</li> </ul> | <p>9 Store spørsmål, Aunivers</p> <p>Emne:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Filosofi</li> </ul> |
|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------|--|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------|

Det kan bli endringar undervegs